

200709826-107  
KV/EMB

3R

Tuddal den 23.mai 2011

NVE  
v/Eilif Brodtkorb  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

**Fråsegn i samband med utbygging av Sauland kraftverk.**

Visar til samtale med Bjarte Guddal vedr. reguleringshøgda i Sønderlandsvatnet. Eg er kjent med at merknaden til planen skulle vore sendt innnan 15. april , men da problemet fyrst no vart klart for meg, fekk eg høve til å koma med kommentarar etter tidfristen.

Saka er at eg har ei hytte på ein tange ved utløpet av Sønderlandsvatnet. Hytta ligg nær vatnet og tåler ikkje stor regulering. Skal vatnet regulerast opp ca. ein meter vil både adkomstveg og store deler av tomte stå under vatn. Det vil og vera fare for at sjølve hytta kan bli skadelidande.

Eg vil gjera dykk merksam på dette og håper på ei god løysing.

Med helsing

Ingjerd Rånman Hovde

*Ingjerd Rånman Hovde*